



Saksbehandlar: Knut Åland, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/28-11

**Tilskot til fartøyvern 2019 - Tilskot til forvaltning og drift av verna  
fartøy, tildeling av tilskot**

**...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkeskommunale midlar til fartøyvern i Sogn og Fjordane, saman med tilskot frå Riksantikvaren vert fordelt slik i 2019:

1	SS Svanhild LIPQ	Kr 150 000
2	MS Atløy LFND	Kr 100 000
3	MS Haugefisk LGNG	Kr 200 000
4	DS Stavenes LEMA	Kr 100 000
6	MF Hardingen SR LGED	Kr 150 000
7	MS Nybakk JXPH	Kr 50 000
<b>Sum</b>		<b>Kr 750 000</b>

2. Tildelinga vert gjort med atterhald om at tilskotet frå Riksantikvaren på kr 300 000 vert utbetaadt etter føresetnadane.
3. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for utbetalingane.

**...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

**Vedlegg:**

Fartyvernet i SAVOS-fylka - Sogn og Fjordane fylkeskommune - tilskot frå statsbudsjettet 2019 kapittel 1429 post 74

**SAKSFRAMSTILLING**

**1. Bakgrunn for saka**

Fylkestinget sette hausten 2018, i sak 56/18, av kr 300 000 til fartøyvern. I tillegg til desse midlane har Riksantikvaren etter søknad løyvd eit tilskot på inntil kr 300 000. Tilskotet frå Riksantikvaren vert tildelt frå statsbudsjettet for 2019 kap. 1429 post 74. Tilskotet er eit bidrag til fartøy som er freda eller har status som verna skip. Tilskotet skal tildelast etter fylkeskommunen si prioritering av innkomne søknader. Riksantikvaren gjev tilskot til fylke med eigen tilskotsordning for fartøy som kjem inn under Riksantikvaren sitt bevaringsprogram. Tildelinga frå Riksantikvaren vert gjort etter modell av SAVOS-ordninga (Samarbeidsrådet for Vest- og Sørlandet SAVOS) og då med ei fordeling på 50/50. I tillegg til dette står det att kr 150 000, som ikkje vart utbetaadt, frå løyvinga i 2018

Fylkeskommunen si handtering av tilskotsmidlane skal følgje «Reglement for økonomistyring i staten» og vilkår som går fram av «Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71–79» Frist for sluttrapport er sett til 15. januar 2020.

Reiarlaga melder om stadig auke i kostnadane til drift og vedlikehald av fartøya. Etterslepet i høve til inntektene vert stadig større. Det er stor skilnad på kor mykje inntekt båtane greier å ta inn gjennom eiga drift. Uteståande krav aukar. Dette går utover motivasjonen til dei faste dugnadsgjengane. Fylkesdirektøren oppfattar at forvaltning og drift av fartøya tek mykje ressursar, og at mange fartøy står framfor utfordringar når det gjeld nye krav til kompetanse, pålagd kontroll av fartøya, naudsynt sikringsutstyr, utstyr til navigasjon og reparasjonar. Ved tildeling av midlane er dette tiltak som har fått prioritet. På dei verneverdige fartøya er det over tid lagt ned eit stort og viktig arbeid i form av frivillig innsats, innkjøp og finansiering. Etter fleire år med restaurering, er mange av fartøya i brukbar stand. Det offentlege har støtta fartøya med finansiering av restaureringsarbeidet. For å hindre at dei verdiane som er lagt ned i fartøya ikkje skal gå tapt over tid, er det heilt avgjerande at fartøya er seglingsdyktige og i aktiv bruk. Dette er noko av grunngjevinga for at Sogn og Fjordane fylkeskommune legg vekt på å tildele tilskot til forvaltning og drift av dei verneverdige fartøya.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### **Innkomne søknader – kort omtale:**

Søkjar	Søknadssum	Omtale
<b>SS Svanhild LIPQ</b> Stiftinga Svanhild	kr 400 000	Svanhild treng ny stormast og bom, arbeid på rigg, tauverk og nytt skværsegl sydd av TEG-seil. Arbeid skal utførast ved Hardanger Fartøyvernssenter. Det er tid for femårs klassifisering av båten. Vidare oppgradere teknisk utstyr for å kunne ta imot og sende via satellitt, inmarsat C, og opplegg for reserve straum. Legge nytt drev i dekk, pusse ned og olje. Arbeidet er naudsynt for å halde båten tett. Driftskostnader som diesel, leige av kaiplass og straum. Kostnad: 961 000
<b>MS Atløy LFND</b> Veteranbåtlag Atløy	kr 350 000	Atløy veteranbåtlag har teke på seg ansvaret for den mellombels freda passasjerbåten, MS Gamle Solundir. Ansvaret for Solundir fører til at reiarlaget får ekstra kostnader med tilsyn, leige av kaiplass og trygging. MS Atløy må få utført pålagt kontroll og godkjenning av tryggleiksutsstyret. Det er og tid for å gradere opp og få godkjent sertifikata til mannskapet. Kostnad: 350 000
<b>MS Haugefisk LGNG</b> Kystmuseet i Sogn og Fjordane.	kr 220 000	Midlertidig sertifikat har gått ut. Dokumentasjon av båten og krav til godkjenning må bereknast av ekstern konsulent. Lekkasje om bord i Haugefisk har ført til vasskader på skipperlugar, bad ved skipperlugar, samt dørk på nedre dekk framme - lugar, proviantrom og gang. Søknaden gjeld utbetring av skade og vøling. Reparasjonen skal gjerast etter antikvariske prinsipp ved Hardanger fartøyvernssenter. Flytting av båten til Norheimsund, tilsyn med båten og reise for mannskapet. Kostnad: 840 000
<b>DS Stavenes LEMA</b> Veteranskibslaget Stavenes	kr 250 000	Søknaden gjeld nødvendig sertifikat og løye frå Sjøfartsdirektoratet til flytting av fartyet. Tiltaka er dei same som vil gjelde for framtidig drift med passasjertrafikk, ved ferdig båt. Sertifikat krev fylgjande utstyr: Anker, ankervinsj og ankerkjetting. Komplett styring. Radartransponder og

		nødpeilesendar. Kjøp og montering av maritimt radiosamband. Kjøp og montering av sertifisert navigasjonsinstrument. Fastmontert landterne og lys. Naudstraum. Kostnad: 285 000
<b>MF Hardingen SR LGED</b> Fjord 2 Fjord Cruiser	kr 400 000	Reparasjon av nedre salong. Dørkbelegg og underlag har gått i oppløysing. Fjerne gammalt golv og betong underlag, gjere reint for rust, reparere skade. Reparere og montere på plass gammal innreiing og utbetre elektrisk anlegg. Løyvinga frå 2018 vart inndregen då tiltaket ikkje var mogeleg å få utført og ferdigstilt innan fristen. Kostnad: kr 580 000
<b>MS Nybakk JXPH</b> Nybakks venner	kr 135 000	Hovudmotoren på Nybakk er ei gammal Callesen 460Hk Eksosanlegget frå maskinen og ut, må skiftast. Det fleksible røyret er eira og rusta. Det er eit stor hol i eksosrøyret. Dette fører til at det kjem vatn frå skorsteinen og heilt ned i hovudmaskinrommet. Kostnad: kr 179 000
<b>Totalt</b>	<b>kr 1 755 000</b>	<b>Kostnad: kr 3 195 000</b>

### Vurdering - tilråding

På bakgrunn av vurderingar av dei innkomne søknadane har fylkesdirektøren følgjande vurdering og forslag til fordeling av dei avsette midlane:

Fartøy	Avgrensing / merknad	Tilrådd tilskot
MS Atløy LFND Veteranbåtlaget Atløy	Veteranbåtlaget har ansvaret for den mellombels freda passasjerbåten MS Gamle Solundir.	100 000
SS Svanhild LIPQ Stiftinga Svanhild	Svanhild har i 2019 planlagt to turar med pilegrimar langs Kystpilegrimsleia.	150 000
MS Haugefisk LGNG Kystmuseet i Sogn og Fjordane.	Haugefisk har hatt 3 veker med undervisning for elevar i niandeklasse, frå 7 kommunar. Opplegg i tilknyting til Den kulturelle skulesekken	200 000
DS Stavenes LEMA Veteranskibslaget Stavenes	Stavenes har fått montert dampmaskin og er klar til å flytte fartøyet for eiga maskin. Tilskotet frå Riksantikvaren for 2019, skal nyttast til skifting av stålplater i skroget akterut.	100 000
MF Hardingen SR LGED Fjord 2 Fjord Cruiser	Verna ferje som går i trafikk på Nærøyfjorden. Tilreisande og lokale passasjerar kan oppleve ei ferjereise slik det var på 1960 – 70 talet	150 000
MS Nybakk JXPH Nybakks venner	Reiarlaget er usikre på om sesongen kan gjennomførast utan at eksosrøyret vert skifta.	50 000
<b>Samla</b>		<b>750 000</b>

### 3. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga. Vi må ta etterhald om at tilskotet frå Riksantikvaren på kr 300 000 vert utbetalt etter føresetnadane.

Frist for dokumentasjon av utført arbeid og utgifter er 30. november 2019.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑

